
Fra: Liz.Eva.Tollefsen@vlfk.no
Sendt: fredag 4. september 2020 10:25
Til: Postmottak Alver
Kopi: firmapost@vegvesen.no
Emne: Fråsegn til områdeplan Knarvik - Endring - Høyring og offentleg ettersyn - planID 1263-201002 -Alver kommune

Vi viser til endring av Områdeplan for Knarvik som er på høyring.

Erfaringane så langt er at rekkefølgjekrava blir opplevd som komplisert og forhandlingane tek mykje tid og ressursar. Denne endringa av planen har retta opp feil eller misforhold mellom kart og føresegner. Detaljplan for «Oval rundkøyning» på E39 / Kvassnesvegen er lagt inn i plankartet. Føresegna er omarbeidd og endra frå tidlegare og er opparbeidd i kapittel. Illustrasjonsplanen som følgjer Områdeplanen skal ikkje lenger vere juridisk bindane. Det er og gjort endringar i føresegnene for å lette forhandlingar og gjennomføringsavtalar, samt fordeler kostnaden ved utbygging.

Generelt er eit tydeleg, overordna og samanhengande nettverk for alle trafikantgrupper viktig for utviklinga av attraktive sentrumsområde. For Knarvik sentrum er det utarbeide en gatebruks- og lysplan med vekt på urbane kvalitetar, som grønne strukturer, gode siktlinjer mm. Oppfølging av gatebruksplanen vil vere viktig i arbeidet med utviklinga av Knarvik. Difor er det viktig at Alver kommune stiller krav til opparbeiding av ferdseisårer, som offentlege vegar/køyrevegar, undergangar, samt gang- og sykkelvegar i føresegna. Den store fordelen med ein områdeplan er å sikre ein heilskapleg infrastruktur, og fylkeskommunen er positiv til avsnittet som vert lagt ved føresegn 2.1.1.

Hovudmålet til Områdeplan for Knarvik er å utvikle ein attraktiv og grøn småby. Vestland fylkeskommune legg til grunn at føringar og prinsipp for alle trafikantgrupper framleis skal gjelde, og at etablering av felles infrastruktur for å etablere møteplasser, blå-grønne strukturer og andre urbane kvalitetar i planen, vert sikra

Liz Eva Tøllefsen
Vestland fylkeskommune